

# Møtereftrat

## Miljøpartiet De Grønne Nordland styre

Møte 10-2017

Møtestad:	Gotomeeting		
Dato:	19.09.2017	Start kl. 20:00	Referent Kleopatra Delaveris
Til stade:	Bror Martin, Bent, Kleopatra, Chris, Robert (Ellen Marie og Håkon i sak 68)		

### Saksliste

Saksnummer	Tittel	Ansvarleg
67/2017	<b>Godkjenning av innkalling og referat</b>	
	Ingen kommentar, godkjent	
68/2017	<b>Evaluering av valkampen</b>	
	<p>Gjennomgang av evalueringsskjema.</p> <p>Organisering av valkamputval. – Leder bør vere ein som har kapasitet til å gjere leiaroppgåver. Utvalet bør konstituere seg sjølv. Det kan vere vanskeleg at leiar og koordinator er same person.</p> <p>Synlegheit i media: synst vi var god.</p> <p>Engasjering av medleamar. Vanskeleg å engasjere medleamar.</p> <p>Lokallag kan få ein ferdig pakke for stå på stand.</p> <p>Det må jobbast med lokallaga gjennom året, mellom val. Tuft fleire lokallag (Fauske). Mobilisere folk som ikkje har så mykje politisk erfaring.</p> <p>Tal standar. Ungdomskandidatar må meir fram.</p> <p>Økonomi Budsjettet måtte endrast undervegs.</p> <p>Valkampkoordinator bør ha innsyn og styring av økonomien?</p> <p>Kasserar var ikkje involvert og vart heller ikkje kontakta. Han kunne gjort meir. Kasserer bør kanskje vere del av valkamputvalet. Den som har kortet må følge opp og til ei kvar tid vete kva som blir brukt.</p> <p>Malar for korleis rekneskapen skal følgast opp.</p> <p>Nettraktet: grei måte å køyre kampanjer. Mange medleamar er ikkje på Feisbok. Dei må kontaktast ekstra. I år kom vi for seint i gang.</p> <p>Digital annonsering, kva med mange negative kommentarar.</p> <p>Korleis mobilisere lokallag.</p>	

	<p>Opplæring i Sigerfjord,.  Dørbanking  Delta på stand  Delta i debatt 20 stk  Grøn ungdom kommunikasjon har forbetningspotensiale. For lite kontakt.  Meir mobilisering av medlemar som kan stå på stand. Innsyn i aktiviteten i grøn ungdom. Vi må sjå nærare på samarbeidet med grøn ungdom.</p> <p>Vidare vil Ellen Marie legge ved evaluering av valet. Styret vil løne henne for dei ekstra timane.</p>	
69/2017	<p><b>Budsjettsaldering valkamp</b></p> <p>Det vart gjort ei budsjettsaldering under valkampen der det vart bevilga 30 000 kr til Toine for arbeid utført i samband med valkamp. Styret vedtar dette.</p>	
70/2017	<p><b>Finansiering av fylkeskoordinator</b></p> <p>Notat frå Bent til sak om finansiering av fylkeskoordinator:</p> <p>«En del av finansiering av en støtteperson (f.eks. i 50% stilling) kan være å bruke både fylkeslagets midler og en del av gruppemidlene på fylkestinget. Har snakka med min fylkestingkollega i Troms, og det virka som vi har ganske forskjellige rutiner i de to fylkene. Han fortalte også om andre modeller i andre fylker.</p> <p>Troms har to representanter, og mottar sjølsagt derfor adskillig meir enn vi i Nordland. Hos dem går hele beløpet til fylkeslaget, og de har intet krav om at de skal brukes til fylkestingrelaterte saker. De to representantene sender alle reiseregninger osv til fylkeskommunen, som dekker utgiftene fra annen konto. Forskjellen her er at i Nordland må mine aktiviteter dekkes av gruppemidlene, og kun dem. I Troms har de også andre midler som gruppa kan bruke (uten at eg huska alle detaljer her). Troms har forøvrig veldig mye mindre behov for midler til reise og opphold, da det meste foregår i Tromsø. Det samme gjelder jo i Nordland, men forskjellen er at eg ikkje bor i Bodø. Og så har vi fra i år gjort det sånn at eg belaster gruppemidlene for det eg deltar på i partiet, og dermed spart MDG Nordland for en del utgifter.</p> <p>For å komme videre her må det gjøres en del ytterligere undersøkelser og beregninger. Først må eg snakke med NFK og finne ut av mulighetene. Deretter må eg få status på kontoen vår. Så må eg sjå på aktiviteten ut året og beregne kostnadene. Da vil vi ha mulighet til å si hvor mykje som kan overføres lokallaget.»</p> <p>Vi kjem tilbake til saka på neste møte.</p>	

71/2017	<b>Styresamling i haust</b>	
	Tidligere vedtatt helg veke 45, dvs 10. – 12. nov. Oktober er kanskje betre. Helga i veke 41 eller 42 er aktuelle. Vi ber om tilbakemelding. Lokalisering: Vesterålen eller Bodø?	

Neste møte: 10. november - <http://nordland.mdg.no/referat/styremoter-2017>

Kommentar:

Har per 25. september ikkje mottatt avtalte dokument ref. sak 68/2017, og referatet publiseres som det foreligger.